

INNHALD / CONTENTS

Prospektkort • Postcards	5
Kart • Map	6
Langs fjorden • Along the Fjord	13
Vill og vakker natur • A Pure Idyll.....	21
Draging mot nord	29
Northward Bound	43
Dramatisk reise • Dramatic Journey.....	59
Vakre hotell • Beautiful Hotels.....	71
Bunaden • The National Costume.....	79
Brusande fossar • Thundering Waterfalls.....	83
Majestetiske brear • Majestic Glaciers	95
På landsbygda • On The Countryside.....	107
I byen • In the City.....	117



Veblungsnes og Romsdalshorn • Veblungsnes with the Romsdalshorn peak behind

PROSPEKTKORT • Prospekt-kortsamlinga som boka byggjer på, har ei spesiell historie. I 1985 fekk det amerikanske nasjonalbiblioteket i Washington DC, Library of Congress, hand om unike samlingar med over 6000 bilete frå Europa, og eit knippe av desse var frå Norge. Samlingane kom til Amerika frå Galleri Muriset i Zürich i Sveits.

Boka tek deg med på ei vestlandsreise på slutten av 1800-talet. Her er samla over 80 klassiske turistmotiv frå landsdelen – frå Bergen i sør til Romsdalen i nord. Bileta er typiske for si tid, og motiva frå kvardagsliv, byliv, landskap og arkitektur fall i smak hjå dei reisande. Korta vart selde som suvenirar, og dei vart ofte innrâma eller samla i album for å bli synte fram.

Bileta ser ut som handkolorerte fotografi, men for at dei skulle kunne masseproduserast, har dei vore gjennom ein spesiell litografisk prosess som vert kalla «Photochrom». Teknikken var utbreidd frå 1800-talet, og rundt år 1900 florerte det av slike fotolitografi.

POSTCARDS • The postcard collection this book is based on has a special history. In 1985, The Library of Congress in Washington DC gained possession of a unique collection of over 6000 prints of European destinations, a handful of which were from Norway. The collection had previously been owned by the Galleri Muriset in Zurich, Switzerland.

The Norwegian prints take the viewer on a trip along the West coast of Norway at the end of the 19th century. Over 80 iconic tourist views are depicted, starting in Bergen in the south and stretching as far as Romsdalen in the North. They are typical of their time, with the motifs from everyday life, urban views, landscapes and architecture indicating what interested contemporary travellers at the time. The postcards were sold as souvenirs and were often framed or collected in albums for display purposes.

The pictures seem to be hand-tinted photographs, but for mass-production purposes, the photographs have been through a special lithographic process known as "Photochrome". The technique was popular in the 19th century, with there being a proliferation of photographic lithographs at the turn of the 20th century.



Bergen sett frå Fløyen • Bergen seen from Fløyen



Stalheimskeiva ved Voss • Stalheimskeiva near Voss



Mundal i Fjærland, Sogn • Mundal village in Fjærland, Sogn

LANGS FJORDEN • På 1800-talet var fjord, fjell og midnattssola blant dei viktigaste turistattraksjonane i Norge. Det var ein draum for mange utanlandske turistar å få segle inn ein smal vestlandsfjord, omkransa av høge og ville fjell med brusande fossefall på sidene og breen glimtande øvst. Jo viljare naturen var, jo vakrare var han. Blant dei reisande utkrystalliserte det seg også etter kvart nemningar som «dei viktigaste fjordane» eller «dei mest spektakulære fjordane». Til desse høyrde Hardangerfjorden, Sognefjorden, Storfjorden, Hjørundfjorden og Geirangerfjorden.

Ordet fjord går att i titlane på dei mange reiseskildringane som vart publiserte: *Old Norway and its Fjords, or A Holiday in Norseland* (1893), *Fjords and Fjelds. Notes upon a Norwegian Cruise* (1893) og *In das Land der Fjorde* (1901).

ALONG THE FJORD • In the 19th Century, deep fjords, steep mountains, mighty glaciers and the impressive midnight sun numbered among Norway's main tourist attractions. Visitors from overseas were entranced as they sailed down the narrow fjords of western Norway, framed by powerful, rugged mountains with their foaming waterfalls and magical glaciers. The wilder the landscape the better. Travellers came to Norway armed with lists of "the most important fjord" or "the most spectacular fjord", with the Hardangerfjorden, the Sognefjorden, the Storfjorden, the Hjørundfjorden and the Geirangerfjorden topping these lists.

In the Norwegian travel guides at that time, the word fjord is a recurring tendency in the titles: *Old Norway and its Fjords, or A Holiday in Norseland* (1893), *Fjords and Fjelds: Notes upon a Norwegian Cruise* (1893) and *In das Land der Fjorde* (1901).



Dei sju systrene ved Geirangerfjorden • The Seven Sisters waterfalls by the Geirangerfjorden



Geirangerfjorden • The Geirangerfjorden



Kongen, Dronningen og Bispen, Romsdal • The mountain peaks Kongen, Dronningen and Bispen, Romsdal

VILL OG VAKKER

NATUR • Turismen på Vestlandet handla mykje om å jakte på flotte naturopplevingar. Naturidealet i romantikken var urørt, vill og vakker natur. Fjellandskap som tidlegare vekte frykt og redsle, verka no tiltrekkjande på dei tilreisande. Frå før kjende mange det norske landskapet gjennom reiseskildringar skrivne av tidlegare reisande, men kunstnarane var også sentrale formidlarar. I biletkunsten spela landskapet ei viktig rolle, og gjerne med motiv frå kjende landemerke som Trolltindane, Romsdalshorn, Kongen, Dronningen og Bispen. Utsikta frå Stalheim nedover Nærøydalen, med fjellet Jordalsnuten midt i mot, vart eit typisk kjennemerke.

A PURE IDYLL • A large part of Western Norwegian tourism was about discovering new and amazing splendours of nature according to the Romantic ideal of the untamed and unspoiled. The formerly unapproachable mountains used to arouse fear, but now they were exciting holiday destinations. Some knew the landscape through travel guides, whilst others had been inspired by the many works of art depicting the area. Paintings displayed well-known mountain landscapes such as Trolltindane, Romsdalshorn, Kongen, Dronningen and Bispen. The splendid view from Stalheim down the Nærøydalen valley with Jordalsnuten mountain in the distance was an often repeated motif in paintings at that time.



Hamna i Molde • The Molde harbour



Molde



7178.-TROLDTINDERNE ROMSDALEN.
Trollveggen, Romsdal • The Trollveggen mountain range, Romsdal